

Hypo  
låg sensitivitet



Hyper  
høg sensitivitet

Balanse  
*det vestibulære systemet*

Treng utfordring: vipping, spinning, svinging mm.

Vanskar med å stogge ei rørsle midt i aktivitet. Vanskar med aktivitetar som inkluderer rørsle.

Merksemd  
(body awareness)  
*det proprieseptiske systemet*

Utfordringar med høveleg nærleik, står gjerne for nært andre. Manglande erkjenning av personleg rom. Utfordringar med å unngå hindre. Renn på folk.

Utfordringar med finmotorikk, med å handsame små gjenstander (knappar, skolisser mm). Flytter heile kroppen for å sjå på noko.

Lukt  
*det olfaktoriske systemet*

Svak luktesans, legg ikkje merke til luktar.

Luktar kan verte overveldande, gjennomtrengande.

Syn  
*det visuelle systemet*

Kan sjå ting i perifere synsfeltet tydelegare enn i det sentrale synsfeltet. Kan sjå det som er i fokus sterkare, eller forstørre, og det som er i det perifere synsfeltet utydeleg. Dårleg dybdesyn.

Synsforstyrring. Små ting og lys hoppar omkring. Fragmentering av det som er i fokus. Fokusering på detaljar kan vere enklare enn å sjå på ein større heilskap.

Lyd  
*det auditoriske systemet*

Har gjerne svakere hørsel på eitt øyre. Legg gjerne ikkje merke til enkelte typar lydar. Trivst gjerne veldig godt på bråkete stader, lagar gjerne mykje lyd (smell med dører, pannelokk mm.)

Lydvolum vert gjerne forsterka, og andre lyder vert fordreia. Greier ikkje sile ut lydar, får gjerne konsentrasjonsvanskar. Har gjerne særskild skarp hørsel, er gjerne veldig følsom for lyder.

Berøring  
*det taktile systemet*

Held andre tett. Har gjerne høg smerteterskel og/eller temperaturterskel (vert ikkje lett kald eller varm).

Berøring kan vere smertefull og ukomfortabel. Trekk seg unna situasjonar med berøring. Mislikar å ha noko på seg (hender, føter, klede på kroppen). Vanskar med å vaske/ børste hår. Liker gjerne berre enkelte typer teksturar.

Smak  
*det gustatoriske systemet*

Liker veldig sterk mat. Altetande.

Enkelte smakar eller matvarer er for sterke og overveldande. Ukomfortable med enkelte teksturer (t.d. et berre potetstapp)

Sensorisk integrasjon

Organiseringa av sanseinformasjon slik at det kan nyttegjerast. Hald utkikk for vektlegging eller preferanse av enkelte sansar, eller synestesi (samanblanding av sansene).